

Arsmelding for Valdreskvelven Spel- og Dansarlag 1990.

Årsmotet for 1989 vart halde på Haukåsen den 14. februar 1990. Det var mott frå 21 medlemmer, som året før. Ein fin kveld med peisvarme og god mat.

1 Styre:

Styret siste året har vore:
Bjørg Berge, nestformann
Nils Rogn, kasserar
Ingrid Grøv, styremedlem
Ragnhild Lundstad, skrivær
Nils Leine, formann

Varamedlemmer: Merit Heensåsen og Sigrid Eggan

Revisorar: Bjørn Skore og Ola Wangensteen Grøv

Valnemnd: Andris Ødegården, Ingebjørg Haugen og Steinar Grøv

Styremøte:

Det har vore fire styremøte det siste året.

2 Medlemstalet:

Ved årsskiftet var det 69 betalande medlemmer i laget. I år som i fjor, er dette ein auke på fire.

3 Årsmøte i landslaget for spelemenn:

Den 21-22/4 var det årsmøte i landslaget for spelemenn i Bergen. Frå oss møtte formannen. Nils Rogn møtte for Valdres Folke-musikkklag. Det var roleg debatt. Den nye logoen vart ein del debattert. Men det vart bestemt å halda på den gamle. Fint kulturprogram om kvelden.

4 Lokallagsleiarmøte:

Dette vart halde på Valdres Folkemuseum den 3. desember. Den viktigaste saka var eit forslag frå Vestre Slidre Folke-musikkklag om å dele lokalkappleiken i ein folkemusikkdel og ein gamaldansdel. Det vart vedteke å la Vestre Slidre få arrangere ein slik kappleik til hausten. Vårflaumen har seinare sagt at dei ikkje vil ha med gamaldans på lokalkappleiken til våren. Styret i Valdreskvelven har seinare diskutert denne saka, og meiner at det har vore positivt med denne kombinasjonen. Men vi er sjølsagt opne for alternative former for arrangement.

Same kveld vart det halde eit innleiande møte om Landskappleiken i 1992. Håkon Berge vart der vald til økonomisjef. Nils Rogn er med i eigenskap av leiar for Valdres Folkemusikkklage, og Nils Leine skal vera med i tevlingsnemnda med ansvar for dataopplegget for påmeldingar og premielister.

5 Årsmøte i Valdres Folkemusikkklag.

Det møtte fem representantar frå oss. To med stemmerett. Nils Rogn vart attvaled som leiar.

6 Rekruttering:

Trygve Bolstad og Bjørg Berge driv opplæring på hardingfele og langeleik i musikkskulen sin regi.

Det er spesielt mange nye elevar på hardingfele.

7 Kurs:

På vårparten var det fem kurskveldar med Tore Bolstad som lærar på hardingfele. På den tida hadde vi lært fem låttar. Så det var eit godt og effektivt kurs. Det var slutt veka etter påske.

I haust var det kurs i Valdresspringar med Olav Stinsrud som lærar. Mellom 15 og 20 deltagarar var innom ein eller fleire gonger. Det var eit fint kurs, men vi har ikkje halde avslutningsfesten enno.

Kurs med Andris Dahle tok til 9.1 på Åsvang. Der er det frå 4 - 6 deltagarar.

Gamaldansøving har det vore planer om, men det har hittil vore for liten interesse.

Den 16 og 17.2 1990 var det felekurset med sjeldne felestille på bygdatunet i Øystre Slidre. Det var med to deltagarar frå Valdreskvelven på eit godt kurs, med Bernt Balchen og Harald Røine som instruktørar.

Den 28 og 29.4 1990 var det spel- og dansekurs på Slidretun. Tre felespelaarar og fleire dansarar var med frå oss. Ola Norvald var spelemann til dansen.

8 Tilskipingar:

Vi hadde ein vellukka miljøkveld i Høre den 14.10
Fyrst var det øving med dei minste. Deretter vart det konsert, oppvisning i folkeviseleik og til slutt dans.
Det teikna seg mange nye medlemmer

I november var det ein tilsvarande kveld på Torsheim. Der hadde vi hjelp av kvinnene i grenda. Marit Bakken hadde med seg sine små folkevisedansarar, og dei hadde ei fin framsyning.

Den 20.10 var det konsert med Håkon Høgemo på Øye skule. Ola Grihamar spelte og tre låttar. Mellom 40 og 50 betalande hadde møtt fram. Alle dei som ikkje var der gjekk glipp av noko av det finaste som kan høyrast på hardingfele no for tida.

9 Innkjøp av instrument:

Laget har kjøpt inn ei hardingfèle frå 8000 kr, laga av felemakar Brotan frå Numedal. Denne er til utlån blant medlemmene. Den har musikkskulen kjøpt halvparten av. Det kan bli aktuelt å kjøpe ei til, evt. saman med musikkskulen, slik at vi får ei hardingfèle kvar.

10 Deltaking på konserter og kappleikar o.l.:

Lokalkappleiken var i Etnedal den 31. mars. Der deltok svært mange i rekruttklassen. Andris Dahle, vart beste spelemann på hardingfèle. Det var fleire andre som og var med der.

Den 22.4 var det konsert som Vang Sang og Musikkråd stod for. Frå oss var dei minste felespelarane med, og Bjørg, Kari, Ola og Nils hadde eit fint innslag.

Den 8.5. var det kappleik på Gol. Der fekk Nils Oddvar Hagen premie som beste spelemann i klasse C.

Den 19.5 spelte 10 spelemenn for "Norge Rundt" på Skeietunet under dugnaden til Verne-Vøla. Innslaget som vart sendt inneholdt ein omgang av "Valdreskvelven". Om kvelden spelte vi til dans på Torsheim.

Den 8. juni hadde medlemmer frå Valdreskvelven underhaldning på årsmøte i Oppland Folkeakademí. Dette vart svært vellukka trass i at programmet var svært enkelt. Det viser at vi har ting å tilby som folk er interesserte i, men det må litt øving til og sjølsagt må vi fortelja folk kva vi har å by på.

I midten av juli hadde medlemmer frå Valdreskvelven eit tilsvarende innslag i samband med at kulturstyret i V. Slidre arrangerte "Kultursommar" på Slidretun.

Det var landskappleik i Nordfjoreid 21 - 24.6. Deltakarar frå Vang var Nils Oddvar og Ola Norvald på fele. Bjørg var med på langeleik. Ho var med og konkurrerte om kongepokalen. Det var ikkje mykje som skilte fram til fyrste plass, men den gjekk til Øystre Slidre og Dunvor Hegge.

På Jørn Hilme Stømnet 26 - 28.7 var det og deltakarar frå laget. Men det var særleg på arrangørsida Valdreskvelven gjorde seg gjeldande. Det vart stilt spekfulle spørsmål om det var Valdreskvelven som stod for arrangementet.

Av andre ting som kan nemnast er:

Styret har hatt uformelt møte med Grindabelgen der vi har diskutert om det skulle la seg gjera å samarbeida noko meir i tida framover. Hittil har vi har hatt ein øvingskveld saman, der Ivar Hemsing spelte inn ein del av "våre" låttar. Planen er at vi skal ha faste øvingar saman.

Det vi gjer blir sett pris på. Det ser vi av dei spørsmåla vi får om å vera med på forskjellige arrangement i bygda. Men tida strekk ikkje til for alt, og vi har fått til berre noko av det vi skulle ha gjort. Men rekrutteringa ser bra ut, så om nokre år reknar vi med at det blir mange fleire til å dra lasset.